

**Fekk forlenga midlertidig bruksløyve**

23.07.2011

**Dønhaug Gjestegard ved Magne Huglen har no fått forlenga midlertidig bruksløyve. Forlenginga gjeld fram til 30. september på bakgrunn av oppsummering etter synfarling i juni samt innsendt dokumentasjon av utførte tiltak.**

Det må gjennomførast organisatoriske tiltak ved arrangement i samsvar med brannteknisk dokumentasjon som kompensasjon for panikkbeslag på rømingdørar for å tryggja rask og effektiv røming.

Innan 30. september ventar kommunen at all dokumentasjonen er på plass og godkjend slik at ferdigattest kan skrivast ut.

Terskelen vil vera svært høg for å ge ytterlegare midlertidige bruksløyve, skriv verksemdsleiar Tormod Fosheim til Magne Huglen.